



Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Grunneigarar

Informasjon til grunneigar, slåttemark ein utvald naturtype

Dette brevet har som formål å informere deg om at du på eigedomen din har kartlagt den viktige naturtypen slåttemark. Vi vonar at du så langt som råd vil gjere ditt for å ta vare på desse flotte blomstermarkene våre for ettertida.

Det blir gjort ein stor innsats nasjonalt for å betra kunnskapsgrunnlaget innanfor naturtypar, då særleg dei såkalla utvalde naturtypane. Slåttemark er ein slik naturtype. Fylkesmannen i Rogaland er pålagt å leggje til rette for ei slik kartlegging, og å hjelpe med oppfølginga.

Slåttemark er mark som har blitt danna gjennom århundre i eit samarbeid mellom natur og kultur. Menneske har regelmessig slått, utan moderne gjødsling eller jordarbeid, og då over tid skapt naturtypen slåttemark. Så bakvend som det kan høyrast ut, bidrar fjerning av næring eller gras til å gjere området meir artsrikt, og det er nett det ei slåttemark er.

Dersom du nokon gong har opplevd ei slåttemark om sommaren blir fort den passande skildringa ei summande blomstereng. Det er ikkje uvanleg at ein finn opp imot 50 ulike planteartar per kvadratmeter i ei slåttemark. I tillegg til desse inneheld slåttemarker ofte eit breitt spekter av både insekt og småkryp, samt sopp og mosar. Slåttemarkene på Vestlandet er ofte utvaska av høg nedbør og ikkje like artsrike som i tørrare område. Men blåklokke, tiriltunge, kystmaure, tepperot, følblom, engsoleie, og ryllik, saman med den gode lukta av enghøy med gulaks er eigna til å gje sommarstemninga. Mindre vanlege artar er engtjøreblom, engkall, blåmunke, grov nattfiol, blodstorkenebb, enghumbleblom, blåfjør, brudespore, solblom og kvitkurle, dei to siste raudlista.

Historia til slåttemarkene kan følgjast heilt tilbake til jernalderen, om lag 2500 år sidan. Dei har seinare vore heilt sentrale for å sanke inn vinterfôr til dyra. Høyet blei slått, tørka på marka (i seinare tid hesja) og så oppbevart i utlør eller på ein annan måte fram til vinteren.

I store delar av Noreg har slåttemarka vore ein viktig del av grunnlaget for produksjonen på garden, heilt fram til 1900-talet. Utviklinga av jordbruket og innføring kunstgjødsel gjorde det mogeleg å intensivere fôrproduksjonen til dyrka innmark. Dette førte til at folk «gløymde» den nære utmarka utover på 1900-talet, og behovet for slåttemark minka. Jordbruket i Rogaland var moderne, så desse endringane kom tidleg og i stort omfang.

Heile 90 % av slåttemarksarealet har sidan den gongen forsvunne i Noreg, og dei få områda som er att er truga av mellom anna gjengroing og gjødsling. Det tek veldig lang tid å «skape» ei slåttemark, men ein einaste omgang med kunstgjødsel kan skade henne, litt uvisst kor lenge, kanskje for alltid. Nokre av slåttemarkene blir i dag, til ein viss grad, oppretthaldne av beite. Beiting hindrar gjengroing, men vil over tid endre arts-samansetjinga slik at slåtteeengartene forsvinn. Det intensive husdyrbruket med overskot av husdyrgjødsel gjer at tilbakegangen er endå større i Rogaland.

Slåttemarka er i dag sterkt truga. Dette inneber ikkje berre faren for å miste ein del av landbrukshistoria og naturtypen vår, men eit heilt økosystem av ulike artar. Bestanden av sommarfuglar som lever i opne kulturlandskap har gått ned med heile 60 % sidan 1990. Ove Meidell kartla over 100 artar humler og bier i Rogaland på 30-talet, av desse var påfallande mange knytte til område med landbruk, til skrinne, blomerike naturenger og sørvende blomerike stader i lyngheia. Desse gruppene har gått sterkt tilbake i heile verda i seinare tid, også i vårt land.

Ved å ta vare på slåttemarka sikrar vi også leve- og næringsområdet til ei rekkje andre artar. Dette er mellom anna viktig med tanke på genetisk mangfald og variasjon for framtidig berekraftig utviklinga innan landbruk. Lik bruk fører til lik tilstand. Dette inneber at for å ta vare på slåttemarka treng ein fyrst og fremst å skjømte henne på tradisjonelt vis.

I 2011 fekk slåttemark status i Naturmangfaldlova som ein såkalla utvald naturtype. Status som utvald naturtype inneber ikkje direkte vern, men betyr at styresmaktene skal ta særleg omsyn til slike naturtypar.

Kva betyr dette for deg som grunneigar?

Skjømtsel og drift av slåttemark er sjølvsagt ei frivillig sak. Men du har som grunneigar meldeplikt for jordbruks- og skogbrukstiltak som kan skade eit område med slåttemark. Meldinga skal sendast til kommunen, og tiltaket kan ikkje setjast i gang før ein har fått positivt svar. Dei vanlegaste negative påverknadene på slåttemarksområde er oppgjødsling, oppdyrking, tilplanting og nedbygging, desse tiltaka er derfor meldepliktige. Like vanleg er det truleg at slåttemarker blir borte fordi dei ikkje blir drivne, og gror til med skog og kratt. Dette er ikkje meldepliktig og kan berre motverkast gjennom informasjon, motivering og å tilby tilskot for drift etter skjømstelsplan. For tidlegare slåttemarker som blir haldne opne med beiting kan og endringar i denne drifta skada artsmangfaldet. Døme på dette er overgang frå lett beiting med lette storfe og sau til intensiv sauebeiting eller beiting med tung storfe. Det er derimot ikkje meldeplikt på å drive tradisjonell bruk, med slått og haustbeite, i den grad at det ikkje skadar naturtypen.

Slåtten bør gjennomførast på eit tradisjonelt vis med skjerande reidskap på seinsommaren, etter at dei fleste artane har fått blomstra og sett frø. Etter slåtten er det normalt at høyet ligg og tørkar på bakken i eit par dagar før det deretter blir raka saman og fjerna frå slåttemarka.

For å oppnå målet om å ta vare på slåttemarksområde brukar regjeringa ulike verktøy. Dette er mellom anna gode tilskotsordningar, samt samarbeid med eit stort tal grunneigarar og andre som gjennomfører årleg skjømtsel.

Det er mogleg og søkje om tilskot til slik skjømtsel, og innkjøp av utstyr eller informasjon. Dette kan gjerast gjennom miljøforvaltninga si ordning «tilskot til trua naturtypar».

Søknadsfristen på desse er 15. januar det året tiltaket skal gjennomførast. –

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/For-offentlig-sektor/Tilskuddsordninger/Tilskuddsordning-for-utvalgte-naturtyper/>

Søknadsskjemaet finn du i «Søknadssenteret» på www.miljodirektoratet.no

Har du landbrukseigedom og rett til produksjonstilskot, kan du også søkje om tilskot frå landbruket si ordning RMP (Regionalt miljøprogram) - meir info på: www.landbruksdirektoratet.no

Landbruksforvaltning har også ei ordning som blir kalla SMIL der det kan søkjast om tilskot til eingongstiltak som skal hindre forureining eller bevare kulturlandskap.

For meir informasjon ta gjerne kontakt med kommune eller fylkesmannen for ytterlegare råd og rettleiing dersom du er usikker på kva som kan gjere skade eller tilskotsalternativa.

Vi legg ved ein brosjyre laga av Miljødirektoratet - Slå eit slag for slåttemarka!

Skulle du ha spørsmål eller merknader til saka så kontakt gjerne seniorrådgjevar Audun Steinnes (tlf.51568912, epost: fmrosas@fylkesmannen.no eller Per Kristian Austbø tlf. 51568910, epost: fmropka@fylkesmannen.no).

For mange av oss er ei vakker slåttemark dekt av blomster og med summande insekt sjølv symboler på ein norske sommar. Vi må ikkje miste dette. Vi vonar at du sett pris på dei flotte slåttemarksområda på din eigendom, og at du vil ta vare på dei for framtida.

Med helsing

Per Kristian Austbø
Ass. fylkesmiljøvernssjef

Kasper Eiane
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Kasper Eiane
Saksbehandlar telefon: 51568930
E-post: fmrokei@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Er du som grunneigar interessert i ytterlegare informasjon om naturtypar på eigedomen?

Sjekke ut nettsida: <http://nibio.no/>


- Heilt nede på sida kan du trykke på **Gårdskart**, deretter skriv du inn din kommune, gards- og bruksnummeret ditt - **VIS GÅRDSKART**
- Du vil då få opp eit kart over eigendommen din, samt ein tabell i venstre hjørne kor det står **Andre kartlag**. Under andre kartlag finn du ei kolonne ved namn **naturtypar** som du må krysse av.
- Etter at du har kryssa av for naturtypar vil du få opp ein figur på kartet som viser kva naturtypar som eksisterer innanfor området ditt.
- Klikk på figuren på kartet (den med horisontale striper), og du vil få opp informasjon - mellom anna områdenamn, naturtype, naturskildring, verdi o.l.

Du kan deretter klikke deg innpå **IID** nummeret og få opp eit faktaark om dette spesifikke området. Her vil det mellom anna stå om kvifor området ditt er så verdifullt, kva artar som er der, ulike påverknad, og eventuelle bilete av området.

Denne informasjonen samt mykje anna om naturtypar, artar og miljø, ligg også inne i Temakart Rogaland - <https://www.temakart-rogaland.no/>

Blomen solblom er ein art som indikerer eit slåttemarksområde. Han er i dag lista som sårbar, og har med seg ein heil zoologisk hage av insektartar som lever på ulike delar av blomen, kor fleire av dei er heilt avhengige av denne planta i livssyklusen sin. Solblomengmøll, som på bilete, er ein liten sommarfugl som berre er knytt til planta solblom. Denne samt solblombandfluge og solblommalmveps, og ikkje minst sopprot, er nokre av artane som er knytt til denne blomen, og som bur i slåttemarka.

Dette er berre eit av mange eksempel på kor komplisert og samansveisa naturen er, og visar kor viktig det er å ta vare på dei naturtypene vi har.



Haver – Hå kommune



Kattura – Sandnes kommune



Steine – Eigersund kommune